



Vegard Hodneland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4153 - 19/23699

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

09.08.2019

Løyve til helikoptertransport Kalvedalen

Vegard Hodneland søker om løyve til helikoptertransport av materialar og utstyr til gbnr 224/14 i Kalvedalen i Lindås kommune. Formålet er vedlikehald av hytta på eigedommen og det er opplyst at selskapet AIRLIFT AS skal stå for transporten.

Vurdering

Søknaden er dagsett 02.08.2019. Søknaden manglar kart, men inneheld gards- og bruksnummer, samt adresse for landingsplassen. Lindås kommune har motteke kopi av løyve til flyging frå Kvingedalen i Masfjorden kommune.

Lindås kommune har vurdert søknaden etter: Lov om motorferdsel i utmark, Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og Naturmangfald lova.

Helikopteret skal ikkje lande, men levere last der arbeidet skal gjerast. Slik flyging er likestilt med landing og skal handsamast som ein dispensasjon frå *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag*.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Transporten skal skje i eit avgrensa tidsrom og til og frå gbnr 224/14 i Kalvedalen. Terrenget er utfordrande og transport av materialar fram til hytta vert truleg ikkje mogleg utan helikopter. Det er store avstandar fram til veg og vår vurdering er at det føreligg særleg grunn for dispensasjon.

Vedtak:

Lindås kommune gjev med dette Vegard Hodneland dispensasjon frå Lov om Motorferdsel i utmark til å material og utstyr, til og frå gbnr 224/14 i Kalvedalen, med helikopter. Løyvet er gyldig fram til 06.09.19. Løyvet gjeld for opptil 30 løft tur/retur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vilkår:

- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdraget
- Det skal førast logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.
- Logg og melding om avslutta oppdrag skal sendast til Lindås kommune seinast 10.09.2019

Med helsing

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vegard Hodneland